

# Plan for praksisopplæring

Bli den **BESTE** du kan bli  
*Klepp Ungdomsskule*



**Klepp ungdomsskule**  
**2023-2024**

## Innhald

Velkomen som student på Klepp ungdomsskule .....	3
Om skulen vår.....	4
Oversikt over nøkkelpersonar i praksis .....	4
Vår plan for praksisopplæringa .....	5
Mål.....	5
Tverrgåande perspektiv.....	5
Variert praksis.....	5
Rettleia praksis .....	6
Vurdert praksis .....	6
Rammer for praksis .....	7
Me har følgjande rammer å halde oss til: .....	7
Slik har vil me å ha det på Klepp ungdomsskule .....	7
Denne planen er forankra i: .....	8
Vedlegg 1: Sjekkliste for praksis på Klepp ungdomsskule .....	9
Vedlegg 2: Ordensreglar for Klepp ungdomsskule.....	10
Vedlegg 3: Kart Kleppe – Klepp ungdomsskule .....	11
Vedlegg 4 Inndeling av skuledagen .....	12

## Velkommen som student på Klepp ungdomsskule

Praksisplanen vil gje deg eit bilete på kva skulen vår står for, og kva du vil møte og vere ein del, av når du er student ved Klepp ungdomsskule.

Klepp ungdomsskule er ein Respekt-skule. Respekt – eit optimalt læringsmiljø; gjennom fleire år har me arbeida etter klare verdiar og tydelege rammar for å gje eit optimalt læringsmiljø. Desse sju punkta under har me definert og gitt innhald:

1. Gode relasjonar og god kommunikasjon i det vaksne miljøet.
2. Gode relasjonar og god kommunikasjon mellom dei vaksne og elevane.
3. God klasseleiing.
4. Gode relasjonar og god kommunikasjon mellom skulen og heimane.
5. Gode relasjonar og god kommunikasjon mellom elevane.
6. Samkjørt oppfølging av skulen sine reglar og rutinar.
7. Kvar elev opplever fagleg meistring kvar dag.

Læring er viktig, og du vil gjennom dei reglar og ordningar me har etablert, sjå at det pregar skulen organisatorisk. Kvart trinn har sin base, og kvar base har ein avdelingsleiar som ansvarleg. Det er viktig at me er tett på, både lærarar og skuleleiing.

Visjonen vår oppsummerer kva me vil med skulen: Bli den beste du kan bli. Me vil at du skal kjenna at dette også gjeld deg som student.

På Klepp ungdomsskule vil de møte eit fagleg godt og trygt personale. Me har også eit felles ansvar for deg som student. Ikkje berre skal du få møta lærarar som brenn for og som kan faget sitt, men dei vil og vera opptekne av at du skal kjenna deg velkomen, trivast her og lukkast her. *Bli den beste du kan bli* – på Klepp ungdomsskule.

Med helsing  
Sigurd Ravndal  
Rektor



Klepp ungdomsskule

## Om skulen vår

Klepp ungdomsskule ligg i Klepp kommune. Det er ein 8-10-skule, som frå hausten 2023 har me rundt 345 elevar med fire klassar på kvart trinn. Skulen har rundt 45 tilsette, og skulen mottar elevar frå barneskulane, Engelsvoll, Kleppe og Horpestad.

Skulen vår er Respekt-skule. Verdier og haldningar i dette prosjektet er viktig i vår filosofi om den gode skulen.

På Klepp kjem me til å ha fokus på fylgjande område dei komande åra:

### **Profesjonelt læringsfellesskap**

- RESPEKT – gje meining og driv i dei sju RESPEKT-setningane
- Lærar som leiar i undervisning
- Lærar som leiar av utviklingsarbeid

### **Læreplanforståing**

- K20 – Overordna del, kjerneelement, tverrfaglege tema, læreplanar i fag
- Vurdering for læring / undervegsvurdering / framovermeldingar

### **Den engasjerte eleven**

- Engasjera elevane i si eiga faglege læring, i den sosiale utviklinga og i elevdemokratiet = elevmedverknad
- Cooperative learning - samarbeidslæring
- PIP – *Partners in practice / Partnarskap i praksis*

Klepp kommune fokuserer på å vera tidleg på når elevar har behov. Kleppmodellen er sentral i dette arbeidet; <https://klepp.betreinnsats.no/>

Skulen si leiargruppe består av rektor og tre avdelingsleiarar. Desse utgjer leiargruppa ved skulen. Skulen har og ei utviklingsgruppe som består av leiargruppa og tillitsvald. På sikt skal denne utvidast med fleire lærarar, ein frå kvart trinn.

## Oversikt over nøkkelpersonar i praksis

Som praksisskule er alle lærarane ansvarleg for praksisstudentane. Utanom dei til ein kvar tid har studentar og er praksislærar, så er resten praksisskulelærarar.

Praksislærar: Elisabeth Sæland Nese

Rektor: Sigurd Ravndal

## Vår plan for praksisopplæringa

### Mål

Vårt mål er å bidra til ei heilskapleg og samanhengande lærerutdanning, samanbinding av teori og praksis, og samarbeid om rettleiing og vurdering.

(Kjelde: Nasjonale retningslinjer for grunnskolelærerutdanningen 5. – 10. trinn, s. 12)

I tråd med UiS sin overordna plan for praksisopplæring skal me saman på Klepp ungdomsskule leggja til rette for utvikling av lærarkompetanse som går ut over dei einskilte faga.

### Tverrgåande perspektiv

Desse tverrgåande perspektiva blir synleggjort i vedlegg 1 og i rettleiingssamtalar. Saman med praksislærer skal de saman arbeide med å få desse perspektiva inn i dei gruppebaserte planane.

Hovudtyngda til punkt 1 og 2 kjem i første studieåret. Her ligg fokuset på lærarrolla, lærararbeidet og læraren si tilrettelegging for læring. Punkt 3 og 4 blir mest vektlagt i 2. studieåret. Fokuset her er elevmangfaldet og elevane sitt møte mellom skule og fag. På Klepp ungdomsskule er «alle elevene våre».

I 3. og 4. studieåret ligg hovudvekta på punkt 5 og 6, der me ser nærare på skulen som organisasjon, det profesjonelle fellesskapet og samarbeidet med føresette og andre sentrale instansar utanfor skulen.

I tråd med nasjonale retningslinjer og forskrifter, skal praksisplanen innehalde desse seks perspektiva:

1. Danning
2. Grunnleggjande ferdigheiter
3. Vurdering
4. Tilpassa opplæring
5. Fleirkulturelt perspektiv
6. Samisk

### Variert praksis

På Klepp ungdomsskule ynskjer me at studentar og skulen saman skal arbeide med å skape ein variert praksis. Du vert knytt til ein eller to praksislærarar, samstundes som du kan vere til stades, observere og undervise saman med andre lærarar på skulen. På denne måten vil du få erfare variert lærararbeid.

Me ynskjer at du skal få arbeide saman med praksislærarar og studentar, og starte der kor du er, ut frå tidlegare praksisutdanning, personlegdom og erfaring. Har du spesielle

interesser/talent, er det fint om du kan fortelje oss om dette slik at også våre elevar kan få glede av dette.

Du vil i ulik grad delta i læringsarbeidet på skulen vår, og i samarbeid med praksislærer vil ansvarsområda bli utvida slik at du får ein tilpassa progresjon. På denne måten vil du få auka kunnskap og ferdigheter og få breitt innblikk i kva læreryrket kan bringe med seg av utfordringar.

**Her er nokre måtar me meiner vil kunne lære deg å bli lærar generelt, og gjere deg i stand til å bli ein god lærer på vår skule spesielt. Du kan:**

- Observere kva som skjer i løpet av ein arbeidsdag saman med elevar og kollegaer.
- Planleggja, gjennomføra og evaluera delar av eller heile undervisningsøkter ut i frå den didaktiske relasjonsmodellen.
- Prøva ut ulike arbeidsmetodar i saman med elevane, i til dømes stasjonsundervisning, ulike par, gruppearbeid, individuelt arbeid, drama og liknande.
- Vere kontaktlærer til ei mindre gruppe elevar som du kan fylgje fagleg og sosialt.
- Ta del i vurderingsarbeidet, av elevar og av undervisningsøkter. Arbeid som elevar gjer skal vurderast etter kvart, og elevane skal få framovermeldingar.
- Vere ein del av kollegiet og delta på personal- og trinnmøter.
- Vere vakt i friminutt.
- Vere med på andre arenaer knytt til skulen, til dømes foreldremøte, møte med PPT (Pedagogisk, psykologisk teneste) og barnevern. Hovudfokuset ligg her på 3. og 4. studieår.
- Prøve ut skulen sine læremiddel, konkretiseringsmateriell og gjere deg kjent med Teams og skulen si heimeside ([www.minskole.no/kleppu](http://www.minskole.no/kleppu)).

### Rettleia praksis

Praksisen du har på Klepp skal vere rettleia. Saman med praksislærer skal du og dine medstudentar lage ein gruppebasert praksisplan der innhaldet for praksisperioden skal bli tydeleggjort. I forkant av undervisningsøktene får du rettleiing på dei didaktiske planane du har utarbeidd aleine, saman med medstudentar eller med praksislærer. Det vil også bli gitt rettleiing undervegs i førebuingsprosessen, og i etterarbeidet av timane.

Du vil få ei tilbakemelding på korleis du fungerer i samhandling med elevar og kollegaer. Målet med dette er at du skal utvikle deg.

### Vurdert praksis

Arbeidet som du gjer i praksis, vil bli vurdert av praksislærer og medstudentar, og du får tilbakemeldingar på kva du meistrar og kva utfordringar du må jobbe vidare med. Tilbakemeldinga vil bli gitt kontinuerlig som dialogisk vurdering, og skal vere ein del av

retteiingstimane. Målet er at du skal få framovermeldingar som du kan bruke når du og dine medstudentar planlegg nye undervisningsøkter eller anna lærararbeid.

I kvar praksisperiode vil kvar student få retteiingstimar, der me saman ser på kva mål du og dine medstudentar skal arbeide mot i forhold til måla som er definert i planane frå UiS og vår skule. Praksislæraren vil ha ein samtale med deg i god tid før praksisperioden er slutt dersom det er nokre av måla i praksisen du har problem med å nå. Saman vil me lage ein plan for korleis desse måla kan bli nådd.

Etter ca 7 dagar er det ei midtvegsvurdering der studentar og praksislærar deltar.

På slutten av perioden på Klepp ungdomsskule vil du få ei avsluttande vurdering, ei framovermelding. Det vil i tillegg bli gitt ei **summativ** vurdering i slutten av praksisperioden (bestått/ikkje bestått). I tillegg får du ei **formativ** vurdering som skal hjelpe deg i framtidige praksisperiodar.

## Rammer for praksis

Me har følgjande rammer å halde oss til:

- 20 timer i veka til undervisningsrelatert arbeid. Det vil seie timar som du skal vere til stades i klasserommet saman med elevane. Denne tida blir brukt til observasjon, lærarstyrt aktivitet, retteiing av elevar og undervisning i grupper av ulik storleik.
- 10-15 timer i veka til ulike former for læring og retteiing. Denne tida blir brukt til orientering om skulen si verksemd, deltaking i møter, trinn-/teamsamarbeid og andre fora for samarbeid. Individuell retteiing og retteiing i gruppe vil også bli lagt inn i denne tida. Det er utarbeidd ein plan over kva du skal få orientering om. Sjå vedlegg 1.

Slik har vil me å ha det på Klepp ungdomsskule

- Me møter på arbeidsplassen seinast kl. 07.45 kvar morgon.
- Me held oss dagleg oppdaterte ved å sjekke dagleg info, kommunal e-post og meldingar frå heimen.
- Eventuelt fråvær skal seinast meldast til skulen mellom 07.30-08.00, til praksislærar.
- Arbeidstida er frå kl.08.00-16.00.
- Me kler oss passande. Det vil seie at me kler oss slik at *vår klesdrakt ikkje tek fokuset bort frå elevane si læring*. Ein bør derfor vere bevisst på kor mykje hud ein viser. Når det gjeld symbol og ytringar på klede, er det viktig å ta omsyn til at skuleklassar består av elevar frå forskjellige kulturar og religionar.
- Facebook: Me har som prinsipp at me ikkje er vener med våre elevar på Facebook. Me er "personleg, men ikkje privat".
- Personalrommet på Varden skal brukast til pausar og til fellesmøte.
- Studentane arbeider på tildelt arbeidsrom.
- Me omtaler ikkje elevar høglydt på personalrom.

- Alle som skal ha undervisning går til klasserommet når det ringjer fyrste gong.
- Ingen forlèt skuleområdet i arbeidstida utan at det er avtalt.
- Det er røykeforbod på skulen sitt område.
- Mat og drikke inntek me på personalrom.
- Mobiltelefonen skal vere avslått i undervisning og i samarbeid- og rettleiingssamtalar.
- Studentane skal gjere seg kjent med innhaldet og halde seg til ordensreglane våre.

Denne planen er forankra i:

- Nasjonal forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanningene
- Nasjonale retningslinjer for GLU 5.- 10 trinn
- Studieprogramplan UiS 5.-10 trinn
- Klepp ungdomsskule sine praksisplanar





## Vedlegg 1: Sjekkliste for praksis på Klepp ungdomsskule

INFORMASJON OM	KVEN
Nøklar, kort, alarmer, dører	Vaktmeister Øystein Olseth
Innleiande «bli kjent » samtale Skulen sin visjon, satsingsområder, Utviklingsarbeid, teieplikt, rutinar ved brann	Rektor Sigurd Ravndal
SU/SMU/FAU/foreldrekontaktar, foreldremøter, samarbeid skule-heim	Rektor Sigurd Ravndal
Tilgang til data, heimeside, Teams mm	IKT-ansvarlig Andor Borgenvik
Kopimaskin	Praksislærer
Trinn, team , fag og seksjonssamarbeid	Praksislærer
Spesialpedagogikk, elevar med spesielle faglege behov	Spes.ped koordinator Mette Stangeland
Elevar med spesielle sosiale behov, byggje positivt læringsmiljø	Sosiallærarar Vivian Severson Børge Finnbakk Caroline Erevik / Emilie R. Tjøtta
Samarbeid med PPT, IOP, ansvarsgruppemøter, spes. ped gruppe	Spes.ped koordinator Mette Stangeland
HMS, vernearbeid	Verneombud: Håkon Losvik
Respekt	Rektor Sigurd Ravndal
Vurdering for læring	Praksislærer
Tilpassa opplæring	Praksislærer
Klasseleiing	Praksislærer
Arbeidsmåtar	Praksislærer
Ulike vurderingsformer	Praksislærer
Danning	Praksislærer
Fleirkulturelt perspektiv	Praksislærer

Denne lista er meint som ei sjekkliste for praksislærer og studentar. Lista gir også informasjon om kven som er hovudansvarleg for at studentar får gjennomgang av dei ulike momenta. Praksislærer skal vera bindeleddet mellom studentar og dei i personalet som har hovudansvar for enkelte av momenta.

## Vedlegg 2: Ordensreglar for Klepp ungdomsskule


### Ordensreglement for skulane i Klepp kommune

Finn dette på heimesida: <https://www.minskole.no/kleppu>

Ordensreglementet: <https://www.minskole.no/kleppu/Underside/5592>

### Vedlegg 3: Kart Kleppe – Klepp ungdomsskule

Adresse: Stasjonsvegen 26B, 4350 Kleppe



#### Vedlegg 4 Inndeling av skuledagen

Økt	Kl.
1.	08.00- 09.30
Pause 15 min	
2.	09.45-10.35
Matpause	
3.	11.15-12.15
Pause 15 min	
4.	12.30-13.30

Elevane sin skuledag varer til kl 14.00 på måndagar.

Tysdagar og torsdagar har me trinnmøter og personalmøter til 15.30.

NB!

Dørene går i lås og lyset går av kl 16.00. Deretter må det brukes kort for å opne dørene. Lys kan slås på med lysbryter.